

Fortau opp mot Halsabrotet?

08.12.2010



Blir det fortau langs den kommunale vegen ?

**Forvaltningskomiteen har samråystes vedteke å leggja ut det private forslag til reguleringsplan for det nye bustadfeltet i Halsabrotet til offentleg ettersyn.
Politikarane hadde ingen kritiske kommentarar til sjølve planen som Erlend Bjørnebøle og Magne Huglen er tiltakshavarar for, men dei ville gjerne ha betre og tryggere adkomst.**

Leiar Einar Saghaug (Innbyggjarpartiet) summerte opp innlegga om adkomsten i eit forslag som vart samråystes vedteke. Der heiter det at det vert sett krav til vurdering av fortau/trafiksikring i behovsanalysen. Konkret betyr det at ein skal vurdera opparbeiding av fortau frå krysset med fylkesvegen og oppover. Det heiter da også i reguleringsføresegnene som er utarbeidd av Harald Bjørndal i Eikelandsosen at den kommunale vegen opp til avkjøringa til feltet burde hatt fortau.

For feltet der det er berekna opptil 41 bueiningar er det berekna offentleg veg med reguleringsbreidde på 7 meter. Det blir vist til at feltet er knytta til den kommunale vegen som fører ned i fylkesvegen med fortau fram til butikk og skule.

Under komitehandsaminga var 3 uskedelingar med – Tove Lill Lakslev, Gunn Mari Moberg og Elin Legland. Legland ville vite om vegen var akseptabel for dei fastbuande og verksemdeleiar Tormod Fossheim svara at vegen kunne avklarast med naboane i neste runde i handsaminga. Fossheim peika også på at kommunen kan leggja inn ein føresetnad om at det kan anleggast fortau heilt ned til fylkesvegen. Leiar Saghaug minte om at det vil bli reist mange nye hus i området.

Steinar Kleiven (Innbyggjarpartiet) sa at ein i det minste bør leggja inn i planen det areal som skal til for fortau.

Av Ola Matti Mathisen



Komiteen – med tre medlemer frå Uskedalen – ynskjer fortau langs den kommunale vegen.